



VI INFORMERER

Husk å gi beskjed til NTL-kontoret dersom du:
tar permisjon
slutter i jobben
endrer adresse (arbeid/privat)
blir pensjonist

Telefon/mobil: 55 89 284/480 41 694

E-post: ntl@uib.no

Postadresse:

NTL Universitetet i Bergen
Postboks 7800
5020 Bergen

Besøksadresse:

Nygårdsgaten 5, 5. etasje

Foreningens hjemmeside: <http://ntl.b.uib.no/>

Du kan også oppdatere din egen informasjon på NTLs medlemsider

NTL UiB på Facebook: <https://www.facebook.com/ntluib/>





ÅRSMØTE 2020

NTL Universitetet i Bergen

Onsdag 18. mars kl. 14.30
Sydneshaugen skole, Auditorium D

Matservering fra kl. 14.30

Ordinære årsmøtesaker fra ca. kl. 15.00

Grunnet matservering er det ønskelig med påmelding innen onsdag 11. mars

Meld deg på her: <http://bit.ly/NTLarsmøte>

DAGSORDEN

1. Åpning og konstituering. Valg av møteledere, sekretær og protokollunderskrivere
2. Årsberetning
3. Regnskap
4. Budsjett og arbeidsplan
5. Innkomne forslag
6. Valg
7. Bevilgninger

1. Åpning og konstituering. Valg av møteledere, sekretær og protokollunderskrivere

Vedtaksforslag: Årsmøtet velger Morten-Christian Bernson og Linnea Reitan Jensen som møteledere.

Vedtaksforslag: Årsmøtet velger Arild Mellesdal som sekretær

Vedtaksforslag: Årsmøtet velger to personer til å signere årsmøteprotokollen. Når protokollen er signert skal styret godkjenne protokollen i styremøte.

2. Årsberetning 2019

Styret legger fram årsberetningen for 2019.

Vedtaksforslag: Årsmøtet godkjenner årsberetningen.

Vedlegg

02 Årsberetning 2019

3. Regnskap

Resultat- og balanseregnskap presenteres av kasserer i årsmøtet.

Vedtaksforslag: Årsmøtet godkjenner NTL UiBs regnskap for 2019.

Vedlegg

03 Balanseregnskap 2019

03 Resultatregnskap 2019

03 Revisors beretning

4. Budsjett og arbeidsplan

4.1 Arbeidsplan 2020-2021

Arbeidsplanen har fått et nytt utseende, og punktene er sortert etter kategorier.

Vedtaksforslag: Årsmøtet vedtar NTL UiBs arbeidsplan for 2020-2021.

Vedlegg

04_1 Arbeidsplan 2020-2021

4.2 Budsjett for 2020

Styret vil gjennom året vurdere å øke frikjøp av tillitsvalgte som et tiltak for å øke kapasiteten i organisasjonen. Dette vil i så fall skje gjennom å bruke oppsparte midler. Det er imidlertid vanskelig å budsjettere for dette siden det først trengs en diskusjon om omfang og deretter må frikjøp tilpasses en konkret person m.o.t lønn, årsvirkning m.v.

Vedtaksforslag: Årsmøtet vedtar budsjett for 2020.

Vedlegg

04_2 Budsjettforslag 2020

5. Innkomne forslag

Ingen innkomne forslag var meldt inn innen fristen 26. februar.

6. Valg

6.1 Styret

Valgkomiteen innstiller til styret.

Vedlegg

06_1 Valgkomiteens innstilling (blir ettersendt)

6.2 Informasjons- og drøftingsutvalg (IDU)

Det skal velges én representant og én vararepresentant til hvert av IDU-ene på UiB.

Vedlegg

6.2_1 Innstilling til IDU (blir ettersendt sammen med valgkomiteens innstilling)

6.3 Valgkomite

Det skal velges en valgkomité. NTL UiBs valgkomité er på tre personer.

Vedlegg

6.3_1 Innstilling til valgkomité (blir ettersendt sammen med valgkomiteens innstilling)

7. Bevilgninger

7.1 Norsk Folkehjelp – kollektivt medlemskap

Vedtaksforslag: NTL UiB opprettholder kollektivt medlemskap i Norsk Folkehjelp. Samt bevilger ytterligere 3000,- til deres arbeid.

Vedlegg

07_1 Norsk Folkehjelp – Kollektivt medlemskap

NORSK TJENESTEMANNSLAG

Universitetet i Bergen
Norges Handelshøyskole

ÅRSBERETNING 2019



Innholdsfortegnelse

STYRETS SAMMENSETTING 2019	3
STYREARBEIDET I PERIODEN	4
<i>AKTIVITETER FOR MEDLEMMER.....</i>	<i>4</i>
<i>Høringsuttalelser</i>	<i>5</i>
<i>NTL i universitet/ høgskular/forskningssektoren.....</i>	<i>5</i>
<i>Medlemsinformasjon.....</i>	<i>5</i>
<i>Medlemstal.....</i>	<i>5</i>
<i>Økonomistyring</i>	<i>6</i>
<i>Bevilgninger i 2019</i>	<i>6</i>
LØNNSFORHANDLINGER	7
ARBEIDET I UTVALG OG KOMITEER	9
TILSETTINGSRÅD.....	9
ARBEIDSMILJØUTVALGET (AMU)	9
AKAN	10
VELFERDSUTVALGET.....	10
RAPPORT FRA NORGES HANDELSHØYSKOLE	10
RAPPORTER FRA INFORMASJONS- OG DRØFTINGSUTVALGENE (IDU).....	11
<i>Det humanistiske fakultet.....</i>	<i>11</i>
<i>Det juridiske fakultet</i>	<i>11</i>
<i>Det matematisk- naturvitenskapelige fakultet.....</i>	<i>11</i>
<i>Det medisinske fakultet</i>	<i>12</i>
<i>Det psykologiske fakultet</i>	<i>13</i>
<i>Det samfunnsvitenskapelige fakultet</i>	<i>13</i>
<i>Fakultet for kunst, musikk og design</i>	<i>14</i>
<i>Sentraladministrasjonen.....</i>	<i>14</i>
<i>Universitetsbiblioteket.....</i>	<i>15</i>
<i>Universitetsmuseet i Bergen.....</i>	<i>15</i>
REPRESENTANTER I INFORMASJONS- OG DRØFTINGSUTVALGENE (IDU)	16
TILLITSVALGTE OPPNEVNT ETTER ÅRSMØTET OG REPRESENTANTER I ULIKE UTVALG	17
OMSTILLINGER	18
UTSENDINGER TIL MØTER OG KONFERANSER	19
UNIVERSITETET I BERGEN 2019	19
DELTAKELSE PÅ FAGLIGE KURS ELLER MØTER	19
MEDLEMS- OG GRUPPEMØTER.....	21

STYRETS SAMMENSETTING 2019

Leder	Jørgen Melve	Seniorkonsulent, Det samfunnsvitenskapelige fak., sekretariatet
Nestleder	Morten-Christian Bernson (t.o.m. 6/3-2019) Linnea Reitan Jensen (f.o.m. 6/3-2019)	Senioringeniør, IT-avdelingen Førstekonsulent, Inst. for informasjons- og medievitenskap
Sekretær	Arild Mellesdal	Rådgiver, Det psykologiske fak., sekr.
Kasserer	Unni K. Utvik	Seniorrådgiver, Det humanistiske fakultet fak., sekretariatet
Styremedlemmer	Maj-Brit Iden Marit Stubdal Berit Storaker Anne Torekoven Morten-Christian Bernson (f.o.m. 6/3-2019) Linnea Reitan Jensen (t.o.m. 6/3-2019)	Rådgiver, Seksjon for utdanningskvalitet, NHH Førstekonsulent, Institutt for klinisk odontologi Førstekonsulent, Det matematisk-naturvitenskapelige fak., sekr. Seniorkonsulent, Det juridiske fak., adm. Senioringeniør, IT-avdelingen Førstekonsulent, Institutt for informasjons- og medievitenskap
Varmedlemmer	Hilde Wedvich (t.o.m. 6/3-2019) Unni Lange Buanes Idunn Bjørlo Tandstad Erlend Nåmdal Ole Voldsæter (f.o.m. 6/3-2019)	Førstekonsulent, Bibliotek for medisin Seniorkonsulent, Kjemisk institutt Seniorkonsulent, Senter for kvinne- og kjønnsforskning/Senter for vitenskapsteori Førstekonsulent, Inst. for global helse og samfunnsmedisin Senioringeniør, IT-avdelingen
Revisorer:	Liv Berit Jonsson Mørch Wenche Neset	Seniorkonsulent, Det humanistiske fakultet, sekr. Seniorkonsulent, Økonomiavdelingen
Valgkomite:	Frode Randal Kristin Torp Skogedal Else Jerdal (f.o.m. 6/3-2019) Jan A. Johansen (t.o.m 6/3-2019)	Seksjonssjef, Det psykologiske fakultet, sekr. Rådgiver, Studieadministrativ avdeling HR-avdelingen Seniorkonsulent, Inst. for fremmedspråk

Styrearbeidet i perioden

Styret har i 2019 hatt 8 møte, og handsama 99 saker. Faste punkt på dagsorden er orienteringar om pågåande omorganiseringsprosessar på UiB, samarbeidet i sektoren og saker som skal eller har vært oppe i Forhandlingsutvalget.

Foreningen har 110 % stilling til disposisjon frå arbeidsgjevar for verva som tillitsvalgte, ressursane har vore fordelt slik: Leiar Jørgen Melve 100 %, nestleiar Morten-Christian Bernson (t.o.m årsmøtet 2019) og Linnea Reitan Jensen (f.o.m årsmøtet 2019) 10 % . I tillegg har foreninga av eigne midlar frikjøpt Bernson og Jensen ytterlegare 10 % i periodane dei var frikjøpt.

Styrearbeidet er prega av ein god tone, open dialog mellom styremedlemmer, varaer og leiing i alle saker. Vi legg stor vekt på å få med flest mogeleg i meiningsutvekslingar slik at dei som skal stilla på NTL UiB sine vegne i ulike saker er best mogeleg førebudd og kjenner ikkje berre sakene, men også synspunkta som finst blant medlemmene og tillitsvalde.

NTL UiB har arbeidd for å få fram informasjon frå arbeidsgjevar om prosessar som foregår delvis utanfor UiB, men har konsekvensar for våre tilsette. Eksempelvis har innføringa av UNIT som eit direktorat med vide fullmakter ført til å stadig fleire ting vert beslutta utan av vi har formell medbestemmelse i avgjerdsprosessane. Innføringa av nye lønns-, økonomi-, HR-, sak-/arkiv-system i regi av dei fire universiteta i Bergen Oslo, Trondheim og Tromsø er også eit eksempel på dette. Der har no UiB etter kvart vore tidleg ute med informasjon til fagforeningane slik at vi har klart å bli kopla på slike prosessar.

I tillegg til styremøta hadde vi styreseminar 23. mai der vi gjennomgjekk arbeidet med oppnåing av måla i arbeidsplanen og arbeidde med beredskap for mogeleg streik i staten, sidan NTL UiB var eit av organisasjonsledda med flest streikande dersom det vart konflikt.

NTL UiB har lokale stilt til rådvelde av UiB. Per i dag har vi tre kontor i Nygårdsgaten 5 samt eit møterom der vi vanlegvis har styremøte og andre samlingar. Kontoret var i 2019 bemanna av kontorsekretær Gunn Karin Eriksen fram til ho gjekk av 30.11, nestleiarane i sine respektive periodar, ein frikjøpt student frå NTL Ung, samt leiar Jørgen Melve.

AKTIVITETER FOR MEDLEMMER

Studieutvalget har hatt jevnlege møter i løpet av 2019. Leder og nestleder har deltatt på de fleste møtene, og mye av arbeidet er gjort via e-post og Teams.

I januar arrangerte NTL, sammen med de andre fagforeningene ved UiB, et godt besøkt debattmøte i Aulaen om arbeidsplassutforming. I mars arrangerte vi årsmøte, og i mai hadde vi et heldags styreseminar med streikeforberedelser. I april og mai fikk vi besøkt henholdsvis KMD og SV-fakultetet med lunsjmøter for alle medlemmer. I august ble NTL-dagen markert, og i september ble det avholdt et fulltegnet medlemskurs på Solstrand Hotel & Bad med temaet omstilling, digitalisering og fagforeningers rolle. Det har også vært arrangert frokostmøter for IDU-representanter både i august og november. I oktober ble det avholdt et frokostmøte for medlemmene med informasjon om lønnsoppgjøret for 2019. I desember hadde vi tradisjonen tro julemøte for medlemmene, denne gangen med omvisning på Munch-utstillingen på KODE og bevertning på Lysverket etterpå.

Gledelig nok er de fleste medlemsarrangementene til NTL fullbooket, og studieutvalget ønsker gjerne at man fremover ser nærmere på hvordan man kan få til flere interessante arrangement med plass til enda flere medlemmer.

Høringsuttalelser

Det hender at interne saker på UiB vert sendt ut på høyring som også inkluderer fagforeningane. Siden vi i mange saker har formelle kanalar i medbestemmelsesapparatet der vi uttrykker våre synspunkt, varierer det om vi svarer på høyringssaker som fagforening.

Frå NTL sentralt får vi tilsendt ei rekke saker til høyring. Dette er typisk enten overgripande prosessar i staten eller spesifikke lovforslag/utredningar som gjeld universiteta/høgskular/forsking spesielt. Vi svarer som regel på slike gjennom utstrakt kommunikasjon med dei andre NTL-foreningane i sektoren og samordnar svara våre så langt råd er, slik at vi saman har større innverknad på NTL sitt høyringssvar og dermed ofte også på kva som vert LO sine standpunkt i slike saker. Av kapasitetsomsyn er vi selektive på kva vi svarar på og prioriterer prinsipielle saker som vedrører sektoren.

NTL i universitet/ høgskular/forskningssektoren

Etter at samarbeidet om ein sektorsekretær vart avslutta i byrjinga av 2019, har samarbeidet med dei andre organisasjonsledda fått ein noko anna form. Det er gode relasjonar mellom organisasjonsledda og leiarane i sektoren. Gledelig nok har også forskningsinstitutta kome inn for fullt i samarbeidet, slik at alle som organiserer innan forskning og utdanning samarbeider tett.

Vi møtes jamnleg i sektorleiarssamlingar, der vi vanlegvis har fysiske møte to-tre gonger per semester, ei samling som no er utvida til å også inkludera nestleiarane, Skype-møte omtrent kvar månad, og også ved samsnacking i andre sentrale NTL-fora der vi er samla. NTL UiB meiner dette er eit viktig og godt samarbeid, som både sikrar felles interesser og gjev lokalt spelerom for ulike organisasjonsledd til å tilpassa si verksemd til forholda på den einskilde institusjon.

Sektoren har også større samlingar på tvers av organisasjonsledd. I 2019 vart det avhalde sektorsamling i Tromsø der alle organisasjonsledda kan senda representantar tilsvarande styret sitt for å diskutera problemstillingar på tvers av institusjon og organisasjonsledd. Dette er ikkje noko formelt organ, men ei nyttig samling både for å bli kjent med kvarandre, informera om utviklinga på eigen institusjon og få høyra om likearta utfordringar andre organisasjonsledd har.

Medlemsinformasjon

NTL UiB har i året som gjekk hovudsakleg informert medlemmene om ulike spørsmål gjennom utsending av epostar med relevant informasjon. Desse vert fortrinnsvis produsert på både (ny)norsk og engelsk. Nettsidene på ntl.b.uib.no/ har også vore nytta til publisering av informasjon til medlemmene, sjølv om aktiviteten på nettsidene bør opp. Vi har òg ei Facebookside for NTL UiB som vi oppmodar alle medlemmer om å like. Aktiviteten her har vore for liten på grunn av lite kapasitet og prioritering av meir presserande arbeidsoppgåver.

Medlemstal

Medlemstalet til NTL UiB har hatt ein jamn auke dei seinare åra, både når det gjeld yrkesaktive medlemmer og når det gjeld det totale medlemstalet med pensjonistar m.m inkludert. Ved årsskiftet var det 516 yrkesaktive medlemmer i NTL UiB, og totalt 777 medlemmer. Dette utgjer ei auke på 24 yrkesaktive medlemmer i løpet av 2018 og 32 medlemmer totalt. Dette gjer at vi har passert 500 yrkesaktive medlemmer for første gong sidan 80-talet, då vi organiserte også ei rad verksemdar også utanfor UiB. Det er også det høgaste talet både for yrkesaktive medlemmer og totalt medlemstal vi nokonsinne har registrert sidan oppstarten i 1965!

Spesielt gledelig er det at vi evnar å trekka til oss stadig nye unge medlemmer. Dette gjer at vi har ei ganske jamn aldersfordeling av medlemmer og eit godt håp om vekst også framover.

Vi har likevel ein jobb å gjera med å systematisera arbeidet med medlemsverving og medlemspleie. Andelen av dei tilsette vi organiserer har auka dei siste åra, men vi må ha målsettingar om å få denne opp på sikt. Jo fleire vi er, desto sterkare står vi saman i felles kamp for betra løn og arbeidstilhøve for alle medlemmene!

Økonomistyring

Siden 2015 har foreningen hatt en driftskonto og en høyrentekonto i SpareBank1 SR-Bank. Pengebeholdningen er fordelt på de to kontoene. Vi har bankkort og nettbank knyttet til driftskontoen. Betaling av regninger går derved raskt, og vi har god oversikt over bevegelsene på kontoen. Det er fremdeles slik at to personer må godkjenne hver utbetaling, men dette blir nå gjort i nettbanken. Som det går fram foran, stiller UiB 110 % stilling til disposisjon for vervene som tillitsvalgt. I 2019 finansierte foreningen i tillegg et frikjøp på 10 %, noe som utgjør en kostnad på 50 241 kr. Foreningen har delfinansiert en organisasjonssekretær for sektoren, og fakturaen for 2018 kom i 2019. Foreningens økonomi er stabil og god. Kasserer fører regnskapet, og regnskapsoversikter blir regelmessig lagt fram og diskutert i styremøtene. Driftstilskuddet fra Universitetet i Bergen var i 2019 på 72 000 kr. Vi har sammen med NTL ved UiO, UiT, NTNU, NMBU delfinansiert en rapport fra DeFacto om konsekvenser ved at Statsbygg eventuelt skal overta eiendomsmassene til universitetene. Hver forening gikk inn med 60 000 kr.

Unni K. Utvik
Kasserer

Bevilgninger i 2019

Norsk Folkehjelp – generell støtte	7 500 kr
Norsk Folkehjelp Bergen – kollektivt medlemskap	2 500 kr
LOs familie- og likestillingspolitiske utvalg – støtte til FNs Internasjonale dag for avskaffelse av vold mot kvinner	1 000 kr
Kolibri – Children At Risk Foundation – generell støtte	1 000 kr
Forsvar offentlig pensjon (FOP) – generell støtte og stiftelse av fagbevegelsens nye pensjonsnettverk	1 000 kr
Attac Norge – Arbeid mot udemokratiske handelsavtaler	1 000 kr
TOTAL	14 000 kr

Personalsaker

NTL UiB har, som alle andre fagforeningar, ein del saker av personalmessig karakter. Dette kan gjelda konflikter, rett og slett at eit medlem ønsker å ha seg ein tredjepart i møte med leiarar eller at medlemmer lurar på kva rettar dei har i ulike situasjonar. NTL UiB bistår då medlemmene, informerer om rettar, plikter og regelverk og sørger for at prosedyrar vert fulgt og einskildmedlemmer ivaretatt etter beste evne. Det ligg i sakas natur at all slik kontakt er konfidensiell. Leiar og nestleiar(ar) har håndtert alle slike saker i 2019.

Det hender òg at medlemmer kontakter oss med spørsmål om tilsettingar og arbeidsforhold; både når det gjeld prosedyrar i tilsettingar, spørsmål om lønsfastsetting etc, men òg med spørsmål om midlertidigheit og rettar i følge lovverket. NTL UiB har bistått ein del medlemmer i slike saker i året som gjekk. Også i omstillingar har ein del medlemmer ønska bistand i ulike faser av prosessen knytt til sine individuelle arbeidstilhøve.

LØNNSFORHANDLINGER

Sentrale lønnsforhandlinger med virkning fra 1. mai

I det sentrale lønsoppgjeret fekk alle i vårt tariffområde **lønsauke frå 01 mai** gjennom at kronesummen i lønstrinna vart justert opp. For å auka likeløna i staten vart profilen slik: alle under lønstrinn 47 fekk 1,35% auke i årslønna. I lønstrinna 47-63 vart lønsauken 1,55% medan alle i lønstrinna frå 64 og opp fekk 1,35% tillegg. Stipendiatar fekk heva begynnerløna si til lønstrinn 54.

Det vart også avsett 1,24% til lokale tillegg med verknad frå 01 juli 2019. Samla sett vart omtrent 60% av lønstillegga fordelt sentralt og 40% lokalt. I tillegg er det no ingen øvre eller nedre avgrensing på kva variable pensjonsgjevande tillegg som tel med i berekninga av pensjonsgrunnlaget.

Lokale lønnsforhandlinger etter Hovedtariffavtalen 2.5.1

Det vart sett av **1,24 %** av lønsmidla i verksemdene til dette formålet. For UiB vil det seia at ein har fordelt **22 365 846** kroner i desse forhandlingane. Alle lønstillegg vart gjeve med verknad frå **1 juli 2019**.

Etter ei del førebuande møte vart det semje om eit lokalt oppgjer med ei blanding av generelle og gruppemessige tillegg. Kort fortalt gav dette mest prosentvis til dei med lågast lønningar i form av eit likt kronetillegg, medan alle over lønstrinn 47 fekk eit likt prosentvis tillegg. Samstundes fekk grupper med lang tenestetid og låg løn eit ekstra tillegg.

Gjennom ei blanding av lokale forhandlingar og forhandlingar på særleg grunnlag fekk alle stipendiatar minst lønstrinn 54.

Denne måten å gjennomføra lokale forhandlingar på er ny for UiB og oss og fører til krevande avvegingar mellom ulike interesser mellom partane. Vi meiner at det samla resultatet for 2019 er fordelingsmessig leveleg, har målretta tiltak mot grupper vi prioriterte og samstundes gav langt dei fleste tilsette ein reallønnsauke i 2019.

Protokoll for prinsippa i oppgjeret:

- Oppgjøret omfatter ikke ansatte som har utløp på ansettelsesforholdet i 2019 med unntak av de som skal over i pensjon.
- Oppgjøret omfatter ikke nyansatte – ansatt fra 1. juli 2018. Disse skal vurderes med hjemmel i HTA pkt. 2.5.5 nr. 3.
- Oppgjøret omfatter ikke ansatte som har fått nytt ansettelsesforhold eller ny lønnsvurdering etter HTA pkt 2.5.3 etter virkningsdato for forhandlingene.
- Alle til og med lønstrinn 46 får et flatt kronetillegg – 6.800 kr. Det gis ikke prosentvist tillegg på toppen av dette.
- Stipendiater ansatt før 01.05.2018 overføres fra alternativ 9 til alternativ 10 – dette tilsvarer ett lønstrinn. (stipendiatene gis ikke generelt prosentvist tillegg)
- Førstekonsulenter med sammenhengende ansettelsesforhold fra før 2005 under lønstrinn 52 får ett lønstrinn i tillegg til generelt prosenttillegg
- Seniorkonsulenter med sammenhengende ansettelsesforhold fra før 2005 under lønstrinn 55 får ett lønstrinn i tillegg til generelt prosenttillegg.
- Øvrige ansatte gis prosentvist tillegg: 1,5924 %

Lokale lønnsforhandlinger etter Hovedtariffavtalen 2.5.3

Vi har hatt to typar lønnsforhandlingar på særlege grunnlag i 2019. For det første ein runde med kollektive forhandlingar for ulike grupper om heving av minstelønn. Denne må sjåast i samanheng med dei ordinære lokale forhandlingane i den forstand at ein grunn til å ha slike forhandlingar var å kunne retta opp skeivheiter i avlønning som ikkje kunne takast innan lokale forhandlingar når dei har den innretninga dei hadde i 2019.

Desse vart som følger:

Førsteamanuenser, førstelektorer, førstebibliotekarar som er lønnet under lønnsalternativ 7 løftes til alternativ 7 i lønnsramme 24 – virkningsdato 1. mai 2019 – effektueres i august.

Universitetslektorer, universitetsbibliotekarar som er lønnet under lønnsalternativ 6 løftes til alternativ 6 i lønnsramme 25 – virkningsdato 1. mai 2019 – effektueres i august.

Individuelle forhandlingar for ansatte i stillingar som forskningstekniker, mester, avdelingsingeniør, overingeniør, senioringeniør. (Ikkje slutførte i 2019, men er undervegs).

I tillegg har vi som vanleg hatt ei rad saker på individuell basis der tilsette får høgare løn og/eller endring i tittel, enten på bakgrunn av vesentlege endringar i stillingsinnhald eller for å behalda tilsette som har fått tilbod om arbeid andre stader.

Forhandlings-/drøftings-/ informasjonsmøter med representantar frå administrasjonen og organisasjonene v/UiB

Forhandlingsutvalet (FU) på UiB har møte anna kvar veke i studiesemestra. Her møter to representantar for kvar tjenestemannsorganisasjon og representantar for arbeidsgjevar. Arbeidsgjevarsida har i året som var, veksla mellom å vera representerte av HR-direktør og denne pluss universitetsdirektør eller direktørens stedfortreder i ulike møte. Alle saker som er definert som forhandlingsspørsmål i følgje Hovudavtalen vert tekne opp her. Likeeins er det her tjenestemannsorganisasjonane vert informert om saker som vedrører fleire einingar ved UiB, og drøftar saker som har verknader for meir enn ei eining. Ting som skal informerast og drøftast med organisasjonane i følgje Hovudavtalen og som vedkjem ei spesifikk eining vert tekne i lokale IDU. Både arbeidsgjevar og organisasjonane kan reisa saker her. Mange av dei større sakene (som t.d. omstillingar) kjem i fleire rundar til Forhandlingsutvalet, slik at vi kan følgja sakene gjennom heile prosessen og stilla spørsmål når det trengs.

Samarbeidet i FU er generelt godt, med eit klima mellom organisasjonane og arbeidsgjevar der det er rom for å ta opp alle typar saker og er prega av gjensidig respekt for kvarandre sine rollar. Det er ofte ei utfordring at arbeidsgjevarsida ikkje har optimal kommunikasjon internt, og det kan ta lang tid for enkelte saker å bli handsama på ordentlig vis. NTL har likevel eit generelt godt inntrykk av arbeidsgjevars vilje til å handsama saker i henhald til lov og regelverk og set pris på den gode tonen.

NTL har fremma ei rekke saker til Forhandlingsutvalet både basert på at vi finn informasjon sjølve om løns- og arbeidsforhold, men ikkje minst basert på informasjon frå medlemmer om ting som skjer ulike plassar i organisasjonen. Vi har fått belyst fleire saker som høyrer heime i medbestemmelsesapparatet av di medlemmer vender seg til oss med spørsmål eller informasjon. Dette ser vi som ein stor styrke for foreninga, og vi tek gjerne mot fleire henvendelsar frå medlemmen om aktuelle saker.

Arbeidet i utvalg og komiteer

Tilsettingsråd

Tilsettingsrådet for administrative stillinger

I tråd med Personalreglement for Universitetet i Bergen, implementert 01.01.10, består Tilsettingsrådet for administrative stillinger av en leder oppnevnt av Universitetsdirektøren og fire medlemmer, hvorav to er representanter for tjenestemennene og to for UiB som arbeidsgiver, alle med personlige varamedlemmer. Tjenestemannsorganisasjonene oppnevner derfor representanter og vararepresentanter i fellesskap. Undertegnede er oppnevnt for perioden 01.5.05.18-30.04.20.

De aller fleste tilsettingssakene distribueres og godkjennes elektronisk i ePhorte som et tiltak for raskere saksbehandling. Det er derfor vanskelig å få fullstendig oversikt over det totale antallet tilsettingssaker som er behandlet, siden en ikke får kopi av sakene som går til vara ved fravær. I løpet av 2019 har imidlertid undertegnede behandlet 121 saker, hvorav tre i møte.

Unni K. Utvik

Tilsettingsrådet for tekniske stillinger

I 2019 ble det behandlet 96 tilsettingssaker av meg og min vara Kristian Botnen (akademikerne). Alle sakene har vært behandlet på godkjenningsrunde i ePhorte.

I tillegg har det vært noen møter i rådet i saker i kategorien ordensstraff/oppsigelse/avskjed.

Morten-Christian Bernson
Representant

Arbeidsmiljøutvalget (AMU)

AMU ved UiB har ti faste medlemmer med tale-, forslags-, og stemmerett. Arbeidsgiver og arbeidstakerne har like mange representanter i utvalget. De fire hovedorganisasjonene har en representant hver, i tillegg til at Universitetets hovedverneombud møter fra arbeidstakerne. AMU har to faste medlemmer fra bedriftshelsetjenesten med tale-, og forslagsrett og fast observatør fra studentene og studentombudet. Ledervervet skifter mellom arbeidsgiver- og arbeidstakersiden. I 2019 ble AMU ledet av arbeidstakersiden ved tillitsvalgt fra NTL Jørgen Melve.

Det ble holdt fem møter og behandlet 56 saker i 2019, dette er like mange møter som i 2018, men en økning fra 44 saker i 2018. AMU har arbeidet spesielt med saker knyttet til HMS-regler og -system, som ny HMS-handlingsplan, og har behandlet flere saker som har omhandlet bedriftshelsetjenester og organisering av disse. Hvert møte utenom ett har hatt fast orienteringssak om pågående byggesaker og byggesaker som er i planleggingsfasen/ AMUs Byggeutvalg.

Arbeidsmiljøkartlegginger ble viet mye plass i løpet av året, deriblant Arbeidsmiljø- og klimaundersøkelser (ARK), foruten byggesaker. AMU vedtok opprettelsen av et nytt utvalg; AMUs Byggeutvalg, og vedtok innføring av en arbeidsmiljøpris ved UiB. AMU har gjennomgått alle meldte HMS-avvik. Utvalget har fra 2019 utvidet den faste møtetiden og to av de planlagte møtene inkluderer besøk ved et fakultet/avdeling for økt innsikt i det lokale arbeidsmiljøarbeidet. I 2019 besøkte AMU Fakultet for kunst, musikk og design og Det matematiske-naturvitenskapelige fakultet. Fakultetene presenterte sitt HMS-arbeid/HMS-satsningsområder/utfordringer, og inkluderte omvisning ved verksted og laboratorier.

Nytt fra 2019 var også gjennomføring av AMU-seminar der utvalget skal diskutere et aktuelt tema eller arbeidsform/oppgaver. Tema i 2019 var «Kartlegging av psykososialt- og organisatorisk arbeidsmiljø». Det årlige fellesmøtet med Læringsmiljøutvalget er også gjennomført.

AKAN

AKAN-utvalget er et underutvalg under Arbeidsmiljøutvalget ved UiB. Utvalget sin fremste oppgave er å gi informasjon og undervisning innen rusfeltet. Utvalget er et partssammensatt utvalg og har et hovedansvar for koordineringen av det rus-forebyggende arbeidet ved UiB. AKAN står for Arbeidslivets kompetansesenter for rus- og avhengighetsproblematikk. En kan få mer informasjon om Akan arbeidet ved UiB ved å gå inn på UiB sin HMS-portal under Rusforebyggende arbeid: <https://w3.uib.no/nb/hms-portalen/75202/rusforebyggende-arbeid>

Nyttig praktisk informasjon finnes også på nettsiden: <https://akan.no/>

Det rusforebyggende arbeidet skal integreres i det systematiske HMS- arbeidet og består i å forebygge rus- og avhengighetsproblemer, det være seg kjøreregler for bruk av alkohol og andre rusmidler i jobbsammenheng. I tillegg til rusproblematikk er det også blitt fokus på spillavhengighet. Som kjent kan spilling også føre til avhengighet med de problemer det medfører (økonomisk og tidsforbruk). Hensikten med Akan arbeidet er å gi støtte til ansatte som har et rusmiddel eller avhengighetsproblem.

Alle organisasjoner har representant inn i Akan arbeidet i tillegg til HR avdelingen og Bedriftshelsetjenesten. I 2019 hadde AKAN-utvalget 4 møter, på slutten av året blant annet med planlegging frem mot et seminar ved UiB om spillavhengighet tidlig i 2020. HR-avdelingen inviterte ledere ved UiB til frokostmøter med informasjon og inspirasjon til rusforebyggende arbeid ute i organisasjonen også i 2019. Man ønsker fokus på et mer forebyggende Akan arbeid. UiB er en stor arbeidsplass og har som alle andre store organisasjoner personer som får oppfølging i regi av Akan. Det er relativt få personer som er under Akan avtaler og en kan tenke seg at det er en del underrapportering. Det er viktig å komme tidlig i kontakt med Akan apparatet slik at hjelp kan gis til den som trenger oppfølging.

Unni Lange Buanes

Velferdsutvalget

Velferdsutvalget har 2-3 møter i året. I 2019 ble det avholdt to møter. Velferdsutvalget har en utfordring med budsjettet, og å få midlene til å strekke til. Etter underskudd i 2019, blir bevilgningene økt i 2020 (med 100 000), i tillegg er kinobillettprisene satt opp med 10 kroner per billett.

Rapport fra Norges Handelshøyskole

Det ble avholdt et medlemsmøte i forkant av lønnsoppgjøret der Jørgen Melve informerte.

Utover dette deltar vi i Samarbeidsutvalget (SU), Arbeidsmiljøutvalget (AMU) og i Ansettelsesrådet. Brigt Ove var med under lønnsforhandlingene, og deltar for NTL i tilsettingssaker. Vi har fått en del nye medlemmer i NTL på NHH

Rapporter fra Informasjons- og drøftingsutvalgene (IDU)

Det humanistiske fakultet

NTL-representant: Kirsten Bang fra juni 2018.

Vara: Rebekka Nistad

I tillegg møter hovedverneombud Eli Kristine Knudsen

IDU ved HF har hatt 7 møter i 2019.

Dette er sakene som ble lagt frem for IDU ved HF i 2019:

